

Bebuarar på Flatøy
v/Tore Moldekleiv
Flatøyvegen 43
5918 Flatøy

Ard Arealplan AS
Nygårdsgaten 114
5008 Bergen

25.11.2015

Merknader til søknad om dispensasjon frå krav om områdeplan for Flatøy Aust - Gnr 1, bnr 20/19 i Meland kommune

Området - gnr 1, bnr 20 og 19 - det søkes dispensasjon for ligg innanfor Reguleringsplanen for Flatøy Aust av 1997, med tilhøyrande føresegner.

Det er vår klare oppfatning at det ikkje må verta gjeve dispensasjon for å omdefinere området gnr 1, bnr 20/19 frå landbruksformål - LNF- til ein-sidig bustadformål.

Ei omfattande bustadbyggjing i det aktuelle området står direkte i motsetnad til den gjeldande reguleringsplanen for Flatøy Aust, med tilhøyrande føresegner.

Planen er basert på ein demokratisk og politisk prosess som må respekterast.

Ei større utbyggjing - og i det omfanget som er skissert - vil endre heile karakteren av dagens arealbruk, bryta med - og innebera ei forringing av den eksisterande villabebyggelsen i området.

Søknaden om dispensasjon må dessutan reknast som ufullstendig og mangelfull. Det er ikkje gjort greie for type bygningar, antal og plassering i høve til terrenget. Det manglar også klare planar for infrastrukturen, adkomstvegar, vatn og kloakk, korleis dette er knytt opptil eksisterande infrastruktur. Dagens infrastruktur er ellers ikkje tilpassa ei utbyggjing av det omfanget det her er snakk om.

Etter vår oppfatning må ein ved ei eventuell større utbyggjing av Flatøy Aust etablere ein ny reguleringsplan for heile området. Dette vil sikra ein brei demokratisk prosess og naudsynt heilskap i planlegginga.

Ei vidareutbyggjing av Flatøy Aust bør etter vårt syn ikkje verta gjort utan at ein også sikrar fleire tilkomstvegar inn i området, mellom anna tilkomstveg frå nordsida, eventuelt med ei framtidig rundkøyring frå E 39, ved Hagelsundbrua/blandeverket.

Det er ikkje ønskjeleg med ein aukande trafikk på det eksisterande vegnettet, som allereie i dag er for høg, med det dette inneber av forringing av miljøet - støy, utslepp og anna forureining.

Delar av området vert også brukt som fritidsområde for born og ungdom i samband med eksisterande skuleplass og barnehage.

Området, gnr 1, bnr 20/19 er i dag definert som eit landbruksområd, LNF i reguleringsplanen. Tiltakshavar, Kristian Samuelsen, har også - seinast i søknad om landbruksstøtte frå 2014 - understreka at området er landbruksområde og vert brukt til dette formålet, samt at delar av området er leigd bort. Jordbruksareal har han sett til - fulldyrka jord 20,6 da og 19,9 da skog.

Det er vår klare oppfatning at dispensasjonar må vera knytt til mindre endringar i eksisterande planar. Dei utbyggjingsplanene som føreligg må reknast som svært omfattande og vil medføre dramatiske endringar i heile det eksisterande bustadområdet.

Det er viktig for oss å understreka på nytt at gjeldande reguleringsplanar som har vore gjenstand for ein demokratisk prosess vert respekterte og at ny planlegging blir gjenstand for tilsvarande planarbeid.

Med venleg helsing

Bebuarar på Flatøy

EINAR DALE

Linda Dale Håtvit

Ellinor Dale Ehaugen

Margit Solberg

Margrete Flatøy

Kenny A. Dale

Sven R. Dale

Terje Flatøy
Torstein Flatøy

Einar Dale
Hålvor Myrnes
Helge Ender

Trude W. Salberg

Tom Haldelev

Jens Grundheim

Abelge Moldallev

Umi Austjord

Dag Gøt Thom

Siri Førde Flatøy